

SAK 2 ÅRSMELDING 2009–2010

INNLEIING

Språket norsk er sett saman av dei to språkformene nynorsk og bokmål. Begge formene er umistelege delar av den norske kulturarven og viktige berebjelkar i nasjonsbygginga. Dersom det vert opna for prinsippet om at elevar i ulike delar av landet skal kunna læra seg ulike språkformer og kunna velja vekk ulike delar av kulturarven vår, svekkjer me Noreg som nasjon. Likevel er nynorskdelen av faget under sterkt press. Både elevar, lærarar og populistiske politikarar står fram i media og vil ha språkforma nynorsk fjerna.

Samstundes viser ei rekkje innspel frå medlemmer i LNK at det står dårleg til med språkkunnskapane våre. Kommunar signaliserer at dei vurderer å halda språkkurs for nyttilsette saksbehandlarar, slik at desse kan læra å skriva forståelege saksopplag. Papir- og nettaviser som ikkje lenger ser seg tente med eller har råd til å ha korrekturlesarar, vurderer språkkurs for nyttilsette journalistar. I tillegg til lærarar og forfattarar er slike faggrupper dei viktigaste språkformarane i kvardagen vår. Me møter produkta deira kvar dag, og me vert språkleg påverka av dei, anten me vil det eller ikkje.

Både saksbehandlarar og journalistar har ofte bakgrunn frå høgskule eller universitet. Dei har truleg solide fagkunnskapar på sine fagområde. Men dei slit med å skriva norsk, jamvel om språket er den viktigaste arbeidsreiskapen deira.

Det er truleg mange grunnar til at det er vorte slik. At det har vore vanskeleg å rekruttera lærarar i periodar, og at studentar gjennom fleire tiår kunne fullføra lærarutdanninga utan annan kunnskap i norskfaget enn det dei hadde med seg frå vidaregåande, har nok verka inn.

Me kjem heller ikkje unna kvaliteten på lærebøkene. I LNK sitt handlingsprogram står det at me skal arbeida for "å få på plass att ei ordning med språkleg godkjenning av læremiddel på eit eller anna nivå". Det kan bli vanskeleg.

Rundt tusenårsskiftet vart den statlege godkjenninga av læremiddel fjerna. Ordninga var etter kvart vorten byråkratisk og tungrodd, og vart nytta til å godkjenna meir enn språk: Det skulle kontrollerast om læremidla var kjønnsnøytrale og religionsnøytrale. Godkjenninga vart ein systempropp. Bøker og læremiddel stod i kø hos Norsk språkråd og venta på å sleppa gjennom nålauga. Ordninga vart avvikla.

Forlagsbransjen fekk ansvaret for at språket i lærebøkene var godt, og det var opp til einskildlærarar/skular å avgjera innkjøp. Dersom skular tinga bøkene, var dei gode nok. Når det var snakk om nye læreverk, var dette sjølvsgt

risikosport for nynorskelevar. Nynorskversjonane vart ofte ikkje ferdige før opp under jul, lenge etter at undervisninga hadde teke til. Lærarane måtte i nokre høve altså ta stilling til kvaliteten på nynorskutgåvene ut frå ei vurdering av bokmålsutgåva.

Det varte ikkje lenge før klagen kom, mellom anna til LNK. Nynorskutgåvene var altfor ofte tydeleg hastverkomsette frå bokmål. I tillegg hadde ein ny aktør kome på banen. I 2006 gjekk fylkeskommunane (utanom Oslo) saman om å skipa Nasjonal digital læringsarena (NDLA). Fire av eigarane i NDLA, dei fire fylkeskommunane på Vestlandet, er medlemmer i LNK. NDLA utviklar digitale læremiddel til bruk i vidaregåande skule. Fylkeskommunane brukar ein del av dei midlane dei fram til no har kjøpt læremiddel for hos forlaga, til å utvikla tilsvarande digitale læremiddel hos NDLA. Forlaga er sjølvsgt redde for at dei snart må slakta den viktigaste økonomiske mjølkekua si, og rasar mot den nye ordninga.

Det er stor skilnad på nivået i dei ulike forlaga, men etter at godkjenninga vart forsvun, har ikkje forlaga imponert med språkleg kvalitet i læremidla sine. Fylkeskommunane har teke inn over seg at elevane i vidaregåande har rett på gratis skulebøker, og satsa på sitt eige forlag, NDLA. Men NDLA gjer det ikkje lett for seg sjølv. Den språklege kvaliteten på mykje av det dei har levert til no, er så dårleg at det må vera pinleg også for eigarane. Etter at nynorskorganisasjonane greip inn i saka i 2010, har NDLA lova å rydda opp.

Kulturdepartementet har meir og mindre avvist ideen om ei ny godkjenninga. Dersom staten ikkje vil ta dette ansvaret, bør fylkeskommunane saman drøfta korleis dei skal sikra elevane sine rettar.

I tillegg til forfattarar og journalistar er det offentlege Noreg ein sær viktig premisseleverandør for utviklinga av det norske språket. Lærarar er sjølvsgt i ei særstilling, men resten av administrasjonen spelar òg ei rolle. Det offentlege påverkar språket ikkje berre ut frå dei ufatteleg store tekstmengdene som vert produserte kvar dag: Offentleg språk fargar måten vi skriv på, måten vi oppfattar tekst på, og snik seg inn i vårt eige daglegspråk. Det er såleis viktig at kommunane og staten har ei medviten haldning til språk og held seg med språkkunnege medarbeidarar.

LNK har ved fleire høve retta lyset mot dei teknologiske nyvinningane som har endra, eller kjem til å endra, måten vi brukar språket vårt på. Det var ikkje mange som snakka om e-post, nettaviser, blogging, SMS og breiband, nettbrett og appar for femten år sidan. Det digitaliserte språket

vert eit av dei viktigaste arbeidsområda for LNK i åra som kjem.

Samstundes som nynorsk språk vinn fram på stadig nye kulturelle og kommersielle område, har det skjedd ei polarisering av haldningane til språket. Fleire og fleire i næringslivet ser den marknadmakta som ein firedel av Kommune-Noreg og 600 000–700 000 språkbrukarar representerer, og tilpassar produkt og marknadsføring til dette.

Då mediestøtteutvalet la fram si utgreiing i desember 2010, gjorde dei det kunststykket å ikkje problematisera avisspråk i det heile. Dette er ein rein provokasjon. I praksis er det framleis yrkesforbod for nynorskjournalistar i dei norske avisene som får mest indirekte pressestøtte gjennom momsfritaket. Schibstedkonsernet, som eig VG og Aftenposten, får aleine meir i slike indirekte subsidiar enn heile pressestøttepotten til saman. Staten bør stilla visse

språkkrav til dei avisene som mottok statsstøtte. Det bør også journalistane sjølve: Det er eit paradoks, og ikkje så lite pinleg, at Norsk Journalistlag sit musestille i ein krok og ikkje tør ta til motmæle mot sterke aviseigarar. Dei to norske språkformene har opp gjennom åra påverka kvarandre gjensidig på mange område og innafor mange sjangrar – til det betre. Dersom nynorsken får sleppa til i riksdekkjande aviser, vil dette gagna avisspråket generelt og desse avisene spesielt.

Språket er ein viktig del av identitets- og nasjonsbygginga i Noreg. Dersom dei to språkformene våre får høve til å utvikla seg side om side og på like vilkår, har vi lagt grunnlaget for ein språkleg dynamikk som kan skapa kulturell vekst og sjølvkjensle i heile landet. Dersom språk vert redusert til eit reint praktisk kommunikasjonshjelpemiddel, har vi gjeve slepp på ein viktig del av vår eigen identitet og kultur.

OPPFØLGING AV ARBEIDSPROGRAMMET

1. Arbeid overfor medlemene våre

SPRÅKOPPLÆRING

Nynorskrørsla er delt i synet på språkdelte lærebøker. LNK si haldning er at språkdelte lærebøker – også i andre fag enn norsk, kombinert med ei reell styrking av norskfaget i lærarutdanninga – med særleg vekt på nynorsk, vil føra til at alle elevar møter både nynorsk og bokmål kvar dag. I 2010 gav forfattar Helga Flatland ut boka "Bli hvis du kan – reis hvis du må". Romanen veksla mellom språkformene, og språklærarar har framheva boka som eit framifrå læremiddel i norskfaget.

Fleire og fleire kommunar rapporterer om nyttilsette, gjerne med høgare utdanning, som har vanskar med å gjera seg forstått skriftleg. I nokre høve kjem dette av at dei har bokmålsbakgrunn og rett og slett ikkje har lært nynorsk på skulen. Løysinga for ein travel rådmann kan då vera å stilleiande akseptera at vedkomande brukar bokmål, noko som på sikt vil uthola den kommunale språkpolitikken. Men vel så ofte handlar dette om unge, nyutdanna som ikkje har grunnleggjande kunnskapar i korkje bokmål eller nynorsk.

I handlingsprogrammet for meldingsåra heiter det at LNK skal arbeida for å styrkja språkopplæringa i kommunar og stat. Høgskulen i Sogn og Fjordane har no formelt og praktisk ansvar for gjennomføring og kvalitetssikring av alle "På saklista"-kursane våre. Denne ordninga vart evaluert og utvida i 2010. Administrasjonen får svært gode tilbakemeldingar på kurshaldarar og materiell, men det vert arrangert altfor få kurs. I 2009 vart det arrangert berre eitt kurs, medan det i 2010 vart halde to kurs. I tillegg vart det halde eit "Ta pulsen på språket"-kurs i Sogndal. Dette kurset baserer seg også på "På saklista".

På grunn av mange uro-meldingar frå medlemene om sviktande språkkunnskapar hos nyttilsette gjorde styret i 2010 vedtak om at alle medlemmer skal få tilbod om "På saklista"-kurset – gratis. Til no har seks kommunar tinga kurset i 2011, men fleire har sagt at dei kjem til å be om eit kursopplegg. Av praktiske grunnar har Oppland, Buskerud, Telemark, Rogaland og Agder-fylka fått tilbod om kurs våren 2011, men resten av medlemsmassen vil få tilsvarende tilbod i løpet av året.

I 2008 sende LNK ut ein bunke med språknøklar (mini-grammatikkar) til kommunane. Tilbakemeldingar viser at dette var nyttig. LNK kjem til å følgja opp tiltaket, men vil venta med å trykkja opp nye opplag til etter at normeringsarbeidet i Språkrådet er ferdig. Språknøklane vert produserte og distribuerte i samarbeid med Dag og Tid.

NYNORSK LEKSIKON PÅ NETT

LNK har lenge etterlyst og arbeidd for eit nynorsk leksikon. For to år sidan kom Allkunne.no på nett. Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum står bak selskapet. Det er meininga at Allkunne etter kvart skal utviklast til å bli eit fullverdig leksikon på nynorsk. Informasjon om nynorskkommunane var noko av det første som kom på plass i Allkunne.

Samstundes har det kome ein nynorsk versjon av Wikipedia. Nynorsk Wikipedia har framleis få artiklar, samanlikna med bokmåls- og engelskversjonen, men til saman gjer dette at norske elevar etter kvart vil få eit tilbod om faktaopplysningar på nynorsk på Internett. Det er umåteleg viktig, og har lenge vore eit sagn. Begge desse tilboda har alt vorte kjærkomne hjelpemiddel for både elevar og for administrasjonen i norske kommunar, men dei må utviklast vidare.

NYNORSK OG NY TEKNOLOGI

I handlingsprogrammet heiter det at LNK skal arbeida for at nynorsk får ein rettmessig plass innanfor IKT. LNK har i meldingsåra hatt eit nært og godt samarbeid med strategiske medspelarar som ABC Startside og Microsoft Norge. LNK er for tida med på å drifta nettstadene LNK.no, Diktarvegen.no, Magasinett.no, Framtida.no og Pirion.no.

Hausten 2010 byrja LNK så smått å arbeida med ein strategi for nynorsk programvare for nettbrett og såkalla appar (applikasjonar – programvare for smarttelefonar og nettbrett).

Syn samanheng mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling

LNK skal arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng og syna samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling.

Dette prinsippet ligg som ein raud tråd i mykje av det arbeidet LNK no gjer, både gjennom kurs, konferansar og gjennom reportasjar i LNK-avisa. I tillegg skal slike samanhengar koma fram gjennom dei prosjekta LNK vel å engasjera seg i.

”Diktarvegen” er eit godt døme på slike prosjekt. ”Diktarvegen” handlar om å få reisande til å stoppa for å få kulturelt påfyll og kunnskap om litterære ”bautaer”. Til no er Arne Garborg, Rasmus Løland, Olav H. Hauge, Per Sivle og Jakob Sande med – men fleire kan koma til. For kommunane som ligg langs veggen, handlar ”Diktarvegen” om å presentera eigen kultur og tradisjon – gjera innbyggjarar stolte over sin eigen identitet – og slik skapa vilje til å bu der.

Prosjektet samarbeider nært med organisasjonen IS Fjordvegen, som arbeider for å rusta opp ”Fjordvegen”, eller rv. 13, mellom Jæren og Sunnfjord. Denne strekkja er så godt som samanfallande med ”Diktarvegen”. LNK har alt fått førespurnader frå andre delar av landet om ideen bak ”Diktarvegen” kan utviklast vidare i andre regionar.

NYNORSK FOR BARN OG UNGE

Den største nysatsinga i LNK i meldingsåra er opprettinga av Framtida.no. Denne nettstaden med nytt for unge kom på plass hausten 2010, etter å ha vore planlagt i mest eitt år. Framtida.no er dei tre første åra eit spleiselag mellom LNK, ABC Startside, Kulturdepartementet, Landslaget for lokalaviser (LLA), prosjektet ”Mot til å meina”, Magasinett og Pirion. Frå 2011 er det budsjettert med jamt stigande annonseinntekter, og frå år 2013 er det meininga at Framtida.no skal vera sjølvfinansierande.

Svein Olav Langåker vart tilsett i LNK som prosjektansvarleg og skrivande journalist i Framtida.no frå mars 2010. Langåker har bakgrunn som journalist og nettjournalist frå bladet Sunnhordland. Prosjektansvarleg har arbeidsstaden sin i redaksjonslokala til ABC Startside, og dagleg leiars i ABC Startside, Espen Udland, er også ansvarleg redaktør for Framtida.no.

Trafikken til Framtida.no har gått gradvis oppover sidan starten, og nettstaden har, etter å ha vore i drift i fem månader, om lag 5000 unike besøkjande i veka. Kring 70 prosent av trafikken kjem frå Startside.no og Startside.no. Det vert arbeidd med å få distribusjon frå andre nettstader, noko som venteleg vil gje ytterlegare trafikkvekst i 2011.

Framtida.no har stoffutleveringsavtale med desse lokalavisene: Gjesdalbuen, Grannar, Hallingdølen, Hordaland, Kvinnheringen, Sogn Avis, Suldalsposten, Sunnhordland, Strandbuen, Vest-Telemark Blad. Framtida.no har elles stoffutleveringsavtale med: Dag og Tid, LNK.no, Magasinett, Norsk Tidend, Norsk Barneblad, Mål & Makt, UE.no, Utdanning.no.

16 unge skribentar bidreg som kommentatorar på Framtida.no. Talet på kommentarar til desse innlegga og dei andre artiklane til Framtida.no har teke seg opp mot slutten av året etter at Framtida.no godtok kommentarar gjennom innlogging via Facebook.

Som ein lekk i strategien for å styrkja arbeidet overfor barn og unge har LNK utvikla samarbeidet med Magasinett, og presenterer kvart år dette nettidsskriftet som eit tilbod til elevar og lærarar i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Så langt me kjenner til, er Magasinett og Framtida.no framleis dei einaste ungdomsretta nettstadene som er redigerte på nynorsk.

Styret i Magasinett har dei siste åra lagt sterkare vekt på tilnærming til skulebruk. Magasinett har mange skarpe pennar og kjappe tastatur, og er eit særst godt og relevant tilbod til lærarar og elevar som slit med dårleg motivasjon i norskfaget. Nettidsskriftet har laga ei lærarrettlegg, i nært samarbeid med Nynorsksenteret i Volda, og kjem til å leggja større vekt på marknadsføring mot skulen i tida som kjem. Magasinett har òg ansvar for å drifta ”Mot til å meina”-bloggen.

LNK har i fleire år hatt ein avtale med Fagforbundet som sikrar midlar til marknadsføring og vidareutvikling av Magasinett og Pirion. Avtalen gjeld fram til 2013.

Pirion er eit fagblad for tilsette i barnehagar, SFO og grunnskular og kjem ut med åtte utgåver i året. Ideen bak Pirion er å stimulera barnehagane og dei andre målgruppene til å ta utgangspunkt i lokal kultur og språk når årsplanane skal leggjast.

Ein avtale LNK har med Fagforbundet, sikrar at Pirion kjem ut som stifta vedlegg til Fagbladet i om lag 38 000 eks. åtte gonger i året. Avtalen gjeld fram til 2013. I tillegg har Pirion framleis om lag 300 betalande abonnentar, sjølv om alt stoffet no ligg fritt tilgjengeleg på Pirion.no. Talet på betalande tingarar har gått noko ned etter at alt stoffet vart gjort tilgjengeleg på nett, og talet på papirabonnentar vil nok bli lågare. Styret vurderer jamleg om den postdistribuerte papirversjonen skal haldast ved lag.

Pirion arrangerer òg kurs. Pirion-kurset rettar seg mot det pedagogiske personalet i barnehagane og har som føremål å auka refleksjonen kring barnehagen si rolle som

kulturformidlar i det moderne mediasamfunnet. Pirion-kurset leverer dessutan innspel til det praktiske arbeidet i barnehagen. I meldingsåra vart det halde kurs i Karmøy, Suldal og Vindafjord. Pirion er eit viktig tilbod til styrarar og andre tilsette i barnehagar, SFO og dei lågaste klassane i grunnskulen.

I meldingsåra har dagleg leiar i LNK vore styreleiar i dei to stiftingane. Både Pirion og Magasinet får no driftsstøtte over statsbudsjettet, frå Kunnskapsdepartementet.

I meldingsåra har LNK samarbeidd med seks kommunar i Nordhordland om prosjektet "Nye tider – nynorsk". Prosjektet går ut på å synleggjera den nynorske barne- og ungdomslitteraturen i folkebiblioteka.

LNK er også involvert i prosjektet "Mot til å meina". "Mot til å meina" handlar om å skapa forståing av kva demokrati er, og få ungdom til å engasjera seg i politikk. Målet med prosjektet, som er støtta av mellom andre Kommunal- og regionaldepartementet, er å få ungdom til å bruka stemmeretten sin.

MÅLBRUKSPLEANAR

På grunnlag av meldingar som har kome inn frå medlemene opp gjennom åra, har LNK rekna seg fram til at om lag 35 kommunar har laga sin eigen målbruksplan, dei fleste tufta på den malen LNK har lagt ut på LNK.no. Malen er laga av Jan Olav Fretland. På direkte spørsmål i ei spørjeundersøking frå 2006 svarte berre 15 kommunar at dei har slike planar. Det kan såleis sjå ut som om fleire av dei kommunane som faktisk har laga målbruksplanar, ikkje brukar dei – og i nokre tilfelle ikkje er klår over at dei finst.

LNK samarbeider for tida med Språkrådet og Nynorsk kultursentrum om ei ny kartlegging av språket i nynorskkommunane. Resultatet av denne undersøkinga ligg føre våren 2011.

VERKEOMRÅDE FOR MÅLLOVA

Nye organisasjons- og selskapsformer vert tekne i bruk i offentleg sektor, og det er ei språkleg utfordring at både kommunane og staten ofte organiserer arbeidet sitt på andre måtar enn tidlegare. Både interkommunalt samarbeid og kommunale selskap kan lett bera i seg språkpolitiske utfordringar, og slik er det òg i dei nye statlege underbruka. Ikkje alle desse vert automatisk fanga opp av mållova.

I 2006 var 35 % av kommunane misnøgde med korleis staten praktiserer mållova. Talet er truleg høgare i dag. Førebelse tal frå ei ny kartlegging av språkstoda i kommunane tyder på at store delar av staten ignorerer mållova. Då nynorskkommunen Fjell registrerte språkform i skriv frå staten hausten 2010, kom kommunen fram til at meir enn 80 % av tilfanget var på bokmål. Ikkje eitt av skriva frå nokon av departementa var på nynorsk i kontrollperioden. Ut frå mållova skal alt som kjem frå statsetatar til nynorskkommunar, vera på nynorsk. Kulturdepartementet, som

Språkrådet sorterer under, har eit overordna ansvar for at staten følgjer opp mållova. Ironisk nok kom også skriva frå dette departementet på bokmål. Formuleringar i stortingsmeldinga Mål og mening tyder på at regjeringa ønskjer å ta aktive styringsgrep på dette området. LNK skal vera vaktbikkje og pådrivar for at desse politiske signala vert tekne på alvor.

LNK arbeider òg for at krav til språkform skal takast med i kontraktane/konsesjonsvilkåra ved utsetjing og privatisering av kommunale oppgåver.

2. Arbeid mot sentrale styremakter og andre samarbeidspartar

Stortingsmeldinga Mål og mening tydeleggjer ein overordna norsk språkpolitikk. Meldinga er ambisøs og har meir enn hundre tiltakspunkt. Medlemene i Nynorsk forum har plukka ut ein del viktige tiltak i meldinga og fordelt ansvaret for å følgja opp desse. Dei to viktigaste tiltaka som LNK arbeider med i denne samanhengen, er å kartleggja nynorskbruket i kommunesektoren og greia ut behovet for eit oppdatert og tilpassa regelverk om bruk av nynorsk og bokmål i stat og kommune.

I Mål og mening ligg det føringar om at staten, mellom anna ut frå demokratismsyn, tek opp att satsinga på ein "klårt språk"-politikk. LNK kan, i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, no tilby kurs i "klårt språk". HISF er fagleg ansvarleg for kursa, som høver godt for tilsette både i stat og kommunar.

LNK arrangerer kvart år fagsamlingar og fellestilskipingar for medlemene og andre om aktuelle tema for å spreia informasjon og å skapa positive haldningar. I meldingsåra har LNK gjeve uttrykk for våre språkpolitiske haldningar gjennom ei rekkje høyringsfråsegner.

SPRÅK OG KOMMUNEØKONOMI

I arbeidsprogrammet til LNK står det at organisasjonen skal arbeida for at rammeoverføringane til kommunane og føringane for desse ikkje gjer språk og språkspørsmål til ein salderingspost i ein stram kommuneøkonomi. Vidare skal organisasjonen arbeida for at kommunane ikkje skal ha meirkostnader av di dei har valt nynorsk som administrasjonsspråk, eller av di dei har språkdelt parallelklassar i grunnskulen. I meldingsåra er det mellom anna arbeid med å dokumentera korleis dei statlege kompensasjonsmidlane for kommunar med meirutgifter som følgje av språkdelt klassar vert tildelt. Desse midlane er no trekte ut frå rammeoverføringane til kommunane, og vert fordelte etter søknad til fylkesmannen. Det kan sjå ut som om denne praksisen, som er tufta på skjønn, fungerer noko vilkårlig og ulikt frå fylke til fylke. Staten har signalisert at denne måten å fordela midlane på vil bli endra.

I meldingsåra har det kome fire utmeldingar og seks innmeldingar. Utmeldingar plar, utan unnatak, vera grunngevn med dårleg kommuneøkonomi. Tendensen er at

kommunar som har meldt seg ut i løpet av dei siste åra, melder seg inn att. LNK hadde 31. desember 2010 122 medlemmer, fire fleire enn ved sist landsting.

LÆREMIDDELSITUASJONEN

LNK skal arbeida for at ein større del av materiell til bruk i kommunesektoren skal liggja føre på nynorsk. Skule og barnehage er prioriterte sektorar for LNK.

Det er etablert eit formalisert samarbeid med Utdanningsdirektoratet der mellom anna spørsmål om læremateriell skal drøftast. LNK er representert i "Forum for nynorsk i opplæringa", saman med fleire andre organisasjonar. Forumet har vore ein viktig premissleverandør til den strategiplanen Utdanningsdirektoratet la fram i etterkant av språkmeldinga Språk bygger broer våren 2008.

LÆREMIDDEL FOR FRAMANDSPRÅKLEGE

Manglande opplæring i nynorsk for innvandrarakar som har slått seg ned i nynorskkommunar, er eit problem som går att i norske kommunar. Hovudproblemet er kanskje mangel på læremiddel på nynorsk for desse gruppene, men det handlar òg om haldningar hos lærarar og administrasjon i vaksenopplæringa. Saka har dessutan ei anna side: Arbeidsinnvandrarakar frå EU har ikkje krav på språkopplæring på same måte som til dømes flyktningar – men dei har same behov. Mange arbeider i krevjande yrke både i det offentlege og privat, og manglande norskkunnskapar kan i nokre høve gå ut over tryggleiken på arbeidsplassen.

LNK arbeider for at læremiddel for flyktningar og innvandrarakar skal verta utvikla på begge språkformer. LNK er mellom anna med i ei arbeidsgruppe i VOX som arbeider med slike saker. I meldingsåra har det vore stort trykk frå medlemene våre på å få til betre og meir materiell på nynorsk for denne målgruppa. Læreverket Norsk pluss er no komplett til og med nivå tre på nynorsk. Biletordboka i læreverket Godt sagt har lenge hatt ein nynorsksversjon, og lytteboka er òg å få på nynorsk no. VOX har no gjeve løyvingar til å omarbeida Norsk nå til nynorsk, og det verket vert eit alternativ i undervisninga på nivå ein og to frå hausten 2011.

Det er framleis slik at bokmålskommunane har svært mykje meir å velja i når det gjeld læremiddel for innvandrarakar og flyktningar, men det er viktig at det som er vorte produsert av læremiddel på nynorsk, vert teke i bruk i nynorskkommunane. At læremiddel på nynorsk verkeleg vert nytta, er eit godt argumentet for meir rettferd og større valfridom. Det motsette vil vera svært øydeleggjande for arbeidet med å integrera framandspråklege og gjera nynorsken synleg på dette området.

KURS OG KONFERANSAR

LNK arrangerer kvart år fagsamlingar og fellestilskiplingar for medlemene og andre om aktuelle tema for å spreia informasjon og å skapa positive haldningar. Slike kurs og konferansar vert ofte arrangerte saman med andre aktørar.

Landstinget 2009 vart halde i Stryn. Tema for konferansedelen var språkpolitisk oppfølging av arbeidsinnvandring, kommunal omdømebygging og "vern og vekst" – om regional differensiering av statlege lover og regelverk. Landstinget vart arrangert i nært samarbeid med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I 2009 vart den første Diktarveg-konferansen arrangert i Ulvik. Konferansen var eit samarbeid mellom LNK, IS Fjordvegen og Kommunal- og regionaldepartementet. I april 2010 gjekk den andre Diktarveg-konferansen av stabelen i Balestrand, med dei same støttespelarane.

I 2010 arrangerte LNK "Mot til å meina"-konferanse i Stavanger saman med mellom andre KRD, Nasjonalt Garborgsenter, kommunane Time, Sauda og Hjelmeland.

Landstinget i 2011 er lagt til Suldal, og i 2013 skal Landstinget haldast på Voss.

Det vert for tida arbeid med å ta opp att ferjeruta mellom Vestlandet og Newcastle eller Aberdeen. Dersom dette går i orden, er Kommunalbanken og LNK samde om å halda oppe "tradisjonen" med ein konferanse om bord annakvart år.

3. Medlemskontakt og informasjon

LNK-avisa er framleis den viktigaste kontaktkanalen mellom LNK og medlemene. Avisa er no inne i den tiande årgangen, kjem ut seks gonger i året og vert send direkte til alle kommunestyrerepresentantar og etatsleiarar i medlemskommunane. I tillegg vert avisa send til alle skular, barnehagar og bibliotek i "våre" område, til forskingsinstitusjonar, aviser og tidsskrift og til alle stortingsrepresentantar. Avisa har eit opplag på om lag 6000.

I tillegg til å informera om kva organisasjonen steller med, skal avisa synleggjera medlemene i Landssamanslutninga. Avisa har funne ei god form som kan utviklast vidare. Annonseinntektene har vore relativt stabile, men gjekk noko ned i meldingsåra. Dette kjem truleg av generelt vanskelege tider i annonsemarknaden. Utgiftene i samband med produksjonen har generelt gått mykje opp. Før eller seinare må styret ta stilling til om informasjonsstrategien skal leggast om, og om midlane som i dag går til avisa, heller bør brukast til auka nettsatsing.

Styret har tilført nettstaden LNK.no monaleg meir ressursar dei siste to åra. LNK.no vert oppdatert fleire gonger per dag. Sidene vert brukte meir og meir og hadde i meldingsåra i snitt 9801 besøkjande kvar månad. Det vert rutinemessig sendt ut pressemeldingar om alle tilskippingar, prinsipielle fråsegner og aktuelle saker som organisasjonen arbeider med. Desse opplysningane vert òg lagde ut på LNK.no

I handlingsprogrammet heiter det at LNK skal utvikla samarbeidet med lokalavisene vidare. Organisasjonen prioriterer kvart år landsmøtet i Landslaget for lokalaviser (LLA) – ein svært viktig møteplass. I tillegg er samarbeidsavtalen

med Bladet Sunnhordland viktig for LNK. LNK samarbeider med LLA og Nasjonalt Garborgsenter om prosjekta "Ung og engasjert" og "Mot til å meina", prosjekt som har som mål å stimulera til større politisk engasjement og høgare valdeltaking blant unge. Framtida.no er òg etablert som ein indirekte møteplass mellom LNK, LLA og lokalavisene.

PRIS FOR OFFENTLEG MÅLBRUK

Styret i LNK deler ut ein pris for god offentleg målbruk. Prisen kan gå til ei offentleg verksemd som har arbeidd for å fremja nynorsk språk, men kan òg gjevast til einskildpersonar som er markerte nynorskbrukarar i det offentlege rommet. Den første prisen vart delt ut i 1993. Prisen skal markera det positive haldningsskapande arbeidet som LNK ønskjer å driva. Prisvinnarar til no er:

- Ullensvang herad
- Vågå reiselivslag

- Fylkesmannen i Rogaland
- Fjell kommune
- Sogn og Fjordane Idrettskrins
- Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM)
- Lotteritilsynet
- Arne Brimi
- Odd Nordstoga
- Peer Gynt-spelet
- Hordaland Teater

Frå og med 2009 vart prisen for god offentleg målbruk samordna med utdelinga av Kommunal- og regionaldepartementet sin pris for årets nynorskkommune. I meldingsåra har dagleg leiar vore med i juryen for denne prisen.

- I 2009 gjekk prisen til Stord kommune.
- I 2010 gjekk prisen til Seljord kommune.

FAKTA OM LNK

SKIPINGSMØTE 1993

Landssamanslutninga av nynorskkommunar vart skipa på Bryne i 1993.

LANDSTINGET 1995

Landstinget 1995 vart halde i Ullensvang herad 7. til 9. juni 1995. 42 medlemmer var representerte. I alt var det 95 personar til stades.

LANDSTINGET 1997

Landstinget 1997 vart halde i Ål 26. til 28. mai 1997 og samla i alt 89 deltakarar. 49 medlemmer var representerte.

LANDSTINGET 1999

Landstinget 1999 vart halde i Førde 1. og 2. juni 1999. 84 deltakarar var til stades, og 44 medlemmer var representerte.

LANDSTINGET 2001

Landstinget 2001 vart halde på Bryne 7. og 8. juni 2001. 81 deltakarar var til stades, og 37 medlemmer var representerte.

LANDSTINGET 2003

Landstinget 2003 vart halde i Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda 24. og 25. april. 101 deltakarar var til stades, og 41 medlemmer var representerte.

LANDSTINGET 2005

Landstinget 2005 vart halde på Rauland i Vinje kommune 27. til 29. april. 146 deltakarar var til stades, og 43 medlemmer var representerte.

LANDSTINGET 2007

Landstinget 2007 vart halde i Vågå kommune 27. og 28. august. 150 deltakarar var til stades, og 30 medlemmer var representerte.

LANDSTINGET 2009

Landstinget 2009 vart halde i Stryn kommune. 118 deltakarar var til stades, og 34 medlemmer var representerte.

LANDSTINGET 2011

Landstinget 2011 vart halde på Sand i Suldal kommune 28. og 29. april.

LANDSTINGET 2013

Landstinget 2013 vart halde på Voss.

MEDLEMSTAL

Per 31. desember 2010 hadde LNK 122 medlemmer. Av desse er det:

- 103 kommunar
- 4 fylkeskommunar
- 15 interkommunale tiltak/regionråd

Medlemstalet er stabilt. Styret har prioritert besøk i medlemskommunar/rekrutteringsarbeid i 2010 og 2011.

STYRET

Styret har vore samansett slik:

- Leiar Jan Magne Dahle, Ørsta kommune / Møre og Romsdal fylkeskommune
- Nestleiar Astrid Myran Aarvik, Lærdal kommune
- Styremedlem Rune Øygard, Vågå kommune
- Styremedlem Solfrid Borge, Ullensvang herad
- Styremedlem Laura Seltveit, Sauda kommune
- 1. vara Nils R. Sandal, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 2. vara Velaug Veum, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 3. vara Bjørn Fredrik Nome, Fyresdal kommune

Styret har i perioden hatt åtte møte og behandla 85 saker.

Styreleiar og nestleiar i styret har vore forhandlingsutval/arbeidsutval i LNK.

Frå 1. januar 2008 vart godtgjersla til styret knytt opp mot løn for stortingsrepresentantar. Styreleiar si årvisse godtgjersle vart sett til 2 % av stortingslønen, og godtgjersla til styremedlemmer vart sett til 2 promille av stortingslønen per møte.

ØKONOMI

I 2009 syner rekneskapen eit overskot på kr 121 684, medan tala for 2010 syner eit overskot på kr 115 730. Styret har vedteke at alle medlemskommunane skal få tilbod om gratis "På saklista"-kurs i 2010, 2011 og 2012. Denne satsinga var budsjettert med kr 90 000 i 2010, men kjem i praksis ikkje i gang før i 2011. Dette er hovudgrunnen til overskotet i siste meldingsåret. I 2011 er det budsjettert med kr 120 000 til "På saklista", men utgiftene kan lett bli monaleg høgare dersom interessa for kurset vert stor.

Medlemskontingenten er jamt over auka tilsvarande konsumprisveksten.

Satsane er per 1.01.2011:

- Einskildkommunar kr 5 400 per år pluss kr 0,85 per innbyggjar.
- Fylkeskommunar kr 28 500 per år.
- Interkommunale tiltak kr 7 200 per år.

Regionråd der minst ein av medlemene er betalande medlem i LNK, har rett til gratis medlemskap.

Ifølgje vedtektene er det Landstinget som skal vedta nye satsar. Dette er opp gjennom åra vorte tolka slik at så lenge det ikkje er snakk om omlegging av kontingentsystemet, eller større justeringar, er det opp til styret å justera satsane i tråd med den generelle prisutviklinga.

I 2009 vart statstilskotet meir enn dobla, frå 426 000 til 926 000. Dette var sjølvsagt svært gledeleg, og gjer oss i stand til å ta på oss langt fleire oppgåver enn tidlegare.

Tilskot frå ulike økonomiske samarbeidspartnarar har auka monaleg. Til saman har desse avtalane ein bruttoverdi per år på rundt kr 1 300 000, men sidan ein del av dette er

knytt til rabattar på trykking, distribusjon, overnatting og reiser/konferansar, vert berre om lag kr 1 000 000 dokumentert i rekneskapen. Dei økonomiske samarbeidsavtalane med Kommunalbanken, KLP-Forsikring og Fagforbundet gjeld fram til 2013.

Økonomien til Landsamanslutninga er tilfredsstillande, og likviditeten er bra. Driftsmodellen som styret har valt, gjer det lett å ha god kontroll med driftsutgiftene i organisasjonen.

ADMINISTRASJON

LNK held til i Pilestredet 8 i Oslo, der vi leiger lokale hos Dag og Tid, som vi òg har eit nært kontorteknisk samarbeid med.

Vidar Høviskeland har vore dagleg leiar i LNK sidan 1. januar 1998. Svein Olav Langåker vart tilsett som prosjektansvarleg for Framtida.no frå 1. mars 2010.

Frå 2009 vart statstilskotet auka med 500 000. Dette gjorde det mogleg å styrkja den norskfaglege/pedagogiske kompetansen i organisasjonen. I meldingsåra er dette løyst ved at styreleiar er frikjøpt på timebasis etter behov for å arbeida med slike saker. Ordninga vert vidareført i 2011.

Berre dagleg leiar og prosjektansvarleg for Framtida.no er tilsette i 100 prosent stillingar. Rekneskapstenester vert kjøpte på timebasis, medan storparten av drifta elles er prosjektorganisert. Det vil seia at kompetanse vert leigd/kjøpt inn etter behov. Styret vurderer jamleg om dette er den beste organisasjonsforma, og har fram til no konkludert med at modellen skal førast vidare.

Dersom vi ser drifta av LNK i samanheng med drifta av Framtida, Pirion, Magasinet, LNK.no og LNK-avisa, er om lag åtte årsverk no nytte til LNK.

I tillegg til det generelle politiske arbeidet er det innfor desse årsverka oppgåver som rekneskap, annonsesal, journalistikk, kursverksemd, praktisk tilrettelegging av konferansar, tradisjonelle konsulentoppgåver, framforhandling av økonomiske samarbeidsavtalar, politiske og juridiske utgreiingar innfor spesialiserte fagfelt, o.a.

Sjølv om det i dag nok er økonomisk grunnlag for å ha fleire fast tilsette i LNK, ville det truleg ikkje vera råd å få tak i personar som dekkjer alle desse fagområda. Med lønsutgifter for til dømes fire fast tilsette ville det heller ikkje vera økonomisk rom i organisasjonen for å kjøpa den kompetansen som vi ville ha mangla.

Etter ei samla vurdering meiner styret at dagens modell, der drifta er basert på kjøp av eksterne konsulenttenester i tillegg til fast tilsett dagleg leiar og prosjektleiar for Framtida.no i heil stilling, bør halda fram. Denne driftsmodellen gjer òg LNK til ein fleksibel organisasjon som lettare kan "snu" dersom det økonomiske rammeverket skulle verta endra. Så lenge ein stor del av drifta er basert på eksterne tilskot og samarbeidsavtalar, må LNK vera budd på at slikt kan skje.

I meldingsåra har Toyni Tobekk, Judith Sørhus Litlehamar, Astrid Eidhammer Hjelmeland, Bente Kjos-Wenjum, Gerhard Stoltz, Ellen M. Veggeberg, Elna Rivedal, Elin Moen Karlsen, Einar Schibeveag, Jan Olav Fretland, Tone Skjerdal, Mathias Øvsteng, Åsmund Lien, Hege Myklebust, Arvid Brurok, Aud Søyland, Per Olav Kaldestad, Trygve Kvandal, Ola Relling, Marny Skeie Henkel, Anne Ottermo, Henrik Aakre ofl. vore med som prosjektmedarbeidarar. I tillegg kjem spaltistar/journalistar/frilansarar som skriv for LNK-avisa, LNK.no, Diktarvegen.no, og alle som skriv for Magasinett og Pirion.

Bente Dammen har vore prosjektansvarleg for bibliotekprosjektet "Nye tider – nynorsk".

Toyni Tobekk, Elin Moen Karlsen og Judith Litlehamar har vore redaktørar for LNK-avisa og hatt ansvar for LNK.no. Berit Krogh i Noregs Mållag har ført rekneskap og hatt ansvar for fakturering.

Prosjektstyringsgruppe for Diktarvegen har vore: Solfrid Borge, Sigurd Kvikne, Nils Moldøen, Margrete Reisæter, Helene Barkved, Bjørn Andresen, Randi Bårtveit. Prosjektleiari har vore Marny Skeie Henkel. Prosjektet har òg hatt eit nært samarbeid med IS Fjordvegen. Ellen M. Veggeberg har hatt ansvar for rekneskapsføring, men Berit Krogh overtek denne oppgåva frå januar 2011. Samstundes overtek dagleg leiari i LNK som prosjektansvarleg for "Diktarvegen".

Styre for Magasinett og Pirion har vore: Aud Marit Hauge, Gunhild Hammeraas, Vivian Kjøpstad og Vidar Høviske-land. Fram til juni 2010 hadde Elna Rivedal ansvar for rekneskapen i i Magasinett og Pirion. Ola Relling vart tilsett som rekneskapsfører for stiftingane frå juni 2010, og Ernst & Young er revisor.

SAMARBEID

Styret har prioritert samarbeidet med dei nærskylde organisasjonane gjennom deltaking i samarbeidsorganet Nynorsk forum.

LNK er medstiftar i Nynorsk kultursentrum, og legg vekt på å ha eit nært samarbeid med denne institusjonen. Styreleiari Jan Magne Dahle har vore LNK sin medlem i rådet i Nynorsk kultursentrum, medan nestleiar Astrid Myran Aarvik har vore varamedlem i meldingsåra. Styreleiari og dagleg leiari har representert LNK på Dei nynorske festspela.

LNK er medstiftar i Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 og samarbeider med stiftinga om fleire delprosjekt, m.a. Kvitebjørnen og Diktarvegen. Dagleg leiari er representert i rådet for Løland-markeringa.

Dagleg leiari i LNK har vore styreleiari i stiftingane Pirion og Magasinett. Styra i desse to stiftingane er personidentiske.

LNK har òg hatt eit nært prosjektsamarbeid med Nasjonalt Garborgsenter/Jærmuseet om prosjektet "Mot til å meina" i perioden.

LNK har vidare hatt eit nært prosjekt- og annonsesamarbeid med ABC Startside i meldingsåra, særleg omkring oppstarting og drift av Framtida.no.

LNK har vore til stades på landsmøta til Noregs Mållag og Landslaget for lokalaviser (LLA).

LNK har 20 aksjar i Norsk Plan, kvar pålydande kr 500,-. Dette gjev oss høve til å vera til stades på generalforsamlingane i selskapet der vi kjøper ein stor del av informasjonstenestene våre.

LNK har avtale med desse institusjonane:

- Dag og Tid om leige av kontorlokale og om rabatt på lysingar.
- Hotell Bondeheimen i Oslo, Hotell Hordaheimen i Bergen og Best Western Hotels sentralt om rabatt på overnattingar.
- restaurant New Orleans i Oslo om rabatt på servering.
- rekneskaps- og faktureringstenester frå Noregs Mållag.
- konsulentselskapet Norsk Plan AS om drifting av LNK-avisa, LNK.no, Diktarvegen.no, Magasinett.no og Pirion.no.
- konsulentselskapet Tømmerflåt AS om sal av annonsar.

LNK har ein samarbeidsavtale med LLA om samkøyring av stillingsannonsar, om demokratiprojekta "Ung og engasjert" og "Mot til å meina", og om Framtida.no.

Sidan 2004 har LNK laga eit fordelskort som er vorte distribuert til alle medlemmer annakvart år. Kortet gjev mellom anna rett til rimelege overnattingar på Best Western Hotell Bondeheimen i Oslo og Best Western Hotell Hordaheimen i Bergen. I 2011 kjem det ein ny og oppdatert versjon av dette kortet.

Dei økonomiske samarbeidsavtalane våre vart reforhandla i 2008 og 2009. Avtalane gjeld no til 2013. LNK har per i dag langsiktige økonomiske samarbeidsavtarar med KLP-Forsikring, Kommunalbanken, Fagforbundet, Best Western Hotell Bondeheimen og Bladet Sunnhordland.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"Landstinget godkjenner årsmelding for 2009-2010 slik ho ligg føre."